



Ventskuret i busslomma ved skulen er for lite, særleg på morgonen i 08 tida då elevane kjem frå dalen og skal ha overgang til ungdomsskulebussen.

**I Torleif J.Hellesøy si ordførartid, på 1990 talet, vart busslomma ved skulen og barnehagen bygd. Straks etter kom venteskur i betong. No er ventskuret for lite, særleg på den tida skulebussen kjem frå dalen i 08 tida på morgonen og det er overgang til ungdomsskulebussen mot Rosendal. Dei fleste står ute. I vind og dårleg ver vert elevane våte på kort tid før ein kjem seg på plass på neste buss.**

Uskedalen.no har vore på plassen på ein våt og regnfull dag for to veker sida. På minibussen frå Musland og Haugland er det 15 - 20 born. Nokre av desse er elevar på Uskedal skule. Dei fleste skal ha overgang til neste buss. I tillegg kjem det elevar på som bur i sentrum. I den same tida er det også buss frå Rosendal mot Husnes.

Ventskuret har eit areal på 2 rutemeter. Det er ope mot sør og sørvest. Regnet står rett på og det er ikkje noko som hindrar at elevane vert våte og kalde. Foreldra reagerer på dette og ynskjer at det gamle betongskuret vert bytt ut med eit større, med glasvegg i fronten, slik det er i Korsneset.



Ventskuret i betongelement har eit areal på 2 rutemeter og ligg med opning mot vinden og verste regnveret.

Atle Jarle Bauge i TIDE fortel at plassering og vedlikehald av venteskur er Statens Vegvesen sitt ansvar. Sjølv har han ansvaret for sjølve transporten. Bauge er merksam på problemet. Difor har han bedd sjåføren på minibussen la elevane sitja og venta i bussen før neste bil kjem, dersom det kan la seg gjera. Minibussen må halda ruta og køyrer difor til Ljosnes/Rød for å henta elevar til barneskulen.

Bauge seier at dei gamle betongskura er mest vedlikehaldsfrie og toler ver og vind langt betre enn nyare skur. Nye skur er meit utsette for tagging og hærverk, men som sagt: Det er Vegvesenet sitt ansvar. Foreldra bør venda seg til kontoret i Odda om det kan la seg gjera å byta venteskuret ut med eit større og meir moderne.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal